



Roald Straume
Straumsvegen 37
5939 SLETTA

Vår dato:
27.06.2022

Dykkar dato:
03.03.2022

Vår ref:
2022/3655

Dykkar ref:
Saknr.20/17126

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hermund Mjelstad, 5764 3124

Klage på avslag på skadefelling av hjort - Nordangervågen hjortevald - Alver kommune

Statsforvaltaren opprettheld Alver kommune sitt vedtak datert 14. januar 2022. Klagen er med dette avvist.

Vi viser til dykkar søknad om skadefelling av hjort 3. januar 2022 og til Alver kommune sitt avslag på søknaden 14. januar 2022. Klagen dykkar datert 4. februar 2022 vart avsleget av kommunen og oversendt Statsforvaltaren 3. mars 2022. Vi beklagar seint svar i saka dykkar.

Statsforvaltaren er klageinstans for kommunale vedtak om skadefelling av hjort, jamfør naturmangfaldlova § 18 femte ledd. Vi kan prøve alle sider av saka, men skal som statleg klageinstans legge vekt på det kommunale sjølvstyre ved prøving av det frie forvaltingsskjønet, jamfør forvaltingslova § 34. Vi kan oppheve, gjere om på eller oppretthalde kommunen sitt vedtak.

Bakgrunn

Det er søkt om skadefelling av 12 hjort i hjortevaldet Nordangervågen i Alver kommune. Søkjarar er grunneigarar til gbnr. 493/4-5-6 og 8. I tillegg er det søkt om skadefelling av ytterlegare 10 hjort i same vald av andre grunneigarar. Denne søknaden er og avsleget, men ikkje påklaga. Hjortevaldet har hatt 100 % felling dei siste tre åra, samstundes som tal løyve har auka frå 59 i 2019 til 75 i 2021. Fordelinga av felte dyr er god med over 70 % kalv og ungdyr i 2021. Ifølgje kommunen vil tildelinga av dyr auke frå 75 dyr i 2021 til inntil 131 dyr i 2022. Klagen går først og fremst på skade/beiting på eng, beite og attlegg, og på plen og skade på gjerdning. Grunneigarane ynskjer reduksjon av hjortebestanden i området. Det er og observert mykje hjort gjennom vinteren. Det er ikkje informasjon om skadeomfang, eller om det er prøvd skadeførebyggande tiltak.

Alver kommune har i sin klagebehandling etterlyst konkrete tal for avlingsskade og ikkje at det berre blir vist til tal hjort observert. Den viser vidare til at hjortebestanden er robust og truleg vil tole eit uttak på 22 hjort, sjølv om det kan verke som eit stort uttak utanom ordinær jakt. Kommunen sitt



mål er å reduserer bestanden slik at skadeomfanget blir mindre, og slik at landbruk kan drivast utan for store tap.

Vurdering

Bestanden av hjort har auka over heile Vestlandet, og i landet elles, dei siste åra. Enkelte milde vinstre, god tilgang på mat og fråvær av predatorar er nokre av faktorane som spelar inn. Ein stor bestand med mange produktive dyr har eit potensiale for stor vekst under gode tilhøve. Det er derfor av stor viktigkeit at kommunane tildeler tilstrekkeleg tal dyr og at fordelinga av dei felte dyra er riktig ut frå målet om å redusere bestanden, dersom det er hovudmålet.

Vi er samd med kommunen i at skadefelling skal vere eit tiltak som blir sett i verk ved akutte skader/beiteskader. Dette er normalt ikkje tilfelle i januar. Det er og eit generelt krav at førebyggande tiltak skal vere prøvd før det blir gjeve løyve til skadefelling. Så vidt vi kan sjå av sakspapira er heller ikkje dette utført. Vi finn derfor at vilkåra i *forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark* (viltforskrifta) § 3-3 ikkje er oppfylte. Jamfør og naturmangfaldlova § 18 første ledd bokstav b.

Alver kommune har vurdert klagen etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, og har ei god vurdering av desse prinsippa. Kommunen nyttar og aktivt fråvik frå minstearealet, i tillegg til å redusere minstearealet for å auke avskytinga av hjort. Dette er naudsynte tiltak for å oppnå dei måla som kommunen har om å redusere bestanden, minske skade på innmark/eng og skog, og for å redusere påkørsler. Men like viktig som arealgrunnlag og fråvik frå minstearealet, er til slutt kva type dyr som blir felt i kommunen. Eit høgt uttak av kalv og ungdyr er fornuftig, men er åleine ikkje tilstrekkeleg til å redusere veksten i hjortebestanden. Dersom målet er ein merkbar redusert bestand, må det fellast fleire produktive hodyr, over fleire år.

Vedtak

Statsforvaltaren opprettheld Alver kommune sitt vedtak om ikkje å ta klagen til fylgje. Dette vedtaket kan ikkje klagast vidare, jf. forvaltningslova § 28. Vi har i klagesaka lagt vekt på at kommunen kjenner dei lokale tilhøva best, og vi har vektlagt omsynet til det kommunale sjølvstyre og frie skjøn ut frå dette faktum, jf. forvaltningslova § 34.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Hermund Mjelstad
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Hogne Jarle Straume	Straumsvegen 9	5939	SLETTA
Audun Gjerde		5939	SLETTA
Knut Morten Straume	Slettevegen 1335	5939	SLETTA
Alver kommune,	Postboks 4,	5906	FREKHAUG



Side: 3/3